



FLORA KOMMUNE

KOMMUNEDDELPLAN

FOR

BARNEHAGAR

2005 – 2015

PLANDEL



VEDTATT AV FLORA BYSTYRE 29.11.05

SAK NR. 100/05

Innholdsliste

INNLEIING	3
OPPSUMMERING OG KONKLUSJONAR	5
BARNEHAGEPLASS TIL ALLE SOM ØNSKJER DET	5
VARIASJON OG FLEKSIBILITET I TILBODET	6
BARNEHAGEPLASS TIL ”ALLE BARN”	6
INNHALD OG KVALITET	6
ORGANISASJONSUTVIKLING OG FORANKRING AV ARBEIDET I SEKTOREN	7
MÅLSETTING	8
TILTAK.....	9
ØKONOMI.....	10
UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR.....	11
STATLEGE MÅLSETTINGAR OG FØRINGAR.....	11
BARNEHAGANE I EIT SAMFUNNSPERSPEKTIV	12
BARNEHAGEN SI OPPGÅVE I LOKALSAMFUNNET	13
BARNEHAGETILBODET I FLORA KOMMUNE.....	14
BARNEHAGETILBODET I 2005.....	14
BARNEHAGEDEKNINGA I DAG.....	15
BEFOLKNINGSFRAMSKRIVING	16
MOT FULL BEHOVSDEKking I FLORA KOMMUNE.....	17
LOKALE KONSEKVENsar AV STATLEGE FØRINGAR	17
OPPTAKSOMRÅDET OG NÆRMILJØ.....	18
BEHOVSDEKking OG ETTERSURNAD AV Plass.....	18
KORTSIKTIGE UTFORDRINGAR MOT FULL BEHOVSDEKking	20
LANGSIKTIGE UTFORDRINGAR FOR Å IVARETA FULL BEHOVSDEKking	20
KVALITET, INNHALD OG MANGFALD I TILBODET	21
KVALITET I BARNEHAGEN	21
KVALITETSSIKRING	22
LIVSLANG LÆRING	23
LÆRING OG OMSORG	24
LEIK	24
PERSONALET	24
KRAV OM KOMPETANSEHEVING	24
FAGKOMPETANSE.....	25
REKRUTTERING	25
ALDERSSAMANSETTING I PERSONALGRUPPA	25
SENIORPOLITISKE TILTAK.....	25
HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING	26
VARIASJON OG FLEKSIBILITET I TILBODET.....	26
BARNEHAGEBYGGA I FLORA KOMMUNE.....	27
UNIVERSELLE OG FRAMTIDSRETta BARNEHAGEBYGG	27

INNLEIING

Barnehageavtalen av 11. juni 2002 la føresetnader for vesentlege endringar i den offentlege styringa og finansieringa av barnehagesektoren. Virkemiddel i form av auka statlege tilskot og innføring av maksimalsats på foreldrebetaling og forskrift om søskenmoderasjon, skal resultere i statleg målsetting om at alle foreldre som ønskjer det skal få ein barnehageplass til barna sine innan 2006.

Kommunane si rolle som barnehagemyndede skal styrkast, og ved fullt utbygd sektor skal alt ansvar for styring og finansiering av sektoren overførast til kommunane. Ved fullt utbygd sektor (010107) skal øyremerka statstilskot til drift av barnehagar overførast til kommunen sitt rammetilskot.

Ny offentlig politikk er krevjande fordi den utfordrar ”gamle kollektive ordningar”. Dei økonomiske rammene til kommunesektoren minkar, noko som aukar kravet til effektiv drift og organisering. Større fokus på brukarmedverknad, individuell tilpassing av tilbod, innhald og kvalitetssikring og måling av resultat i høve ressursbruk, utfordrar også barnehagesektoren.

Kommunedelplan for barnehage 2005-2015 har som utgangspunkt å:

- Syne korleis Flora kommune kan nå målet om full behovsdekking av barnehageplassar, i samsvar med statleg føring
- Utvikle barnehagetilbodet slik at vi kan tilby eit variert og brukartilpassa tilbod, der innhald og organiseringsmåtar tek omsyn til den kunnskap vi i dag har om barn si utvikling
- Sikre at alle barn i kommunen får eit barnehagetilbod som kan tilby eit trygt og utviklande oppvekstmiljø med vekt på leik og læring, som skaper eit godt grunnlag for livslang læring
- Sikre gode arbeidstilhøve for både barna og dei tilsette
- Legge til rette for eit framtidig behov for nye barnehageplassar

Planen byggjer på tidlegare plandokument vedtatt av Flora bystyre;

- Skular, barnehagar og skulefritidsordningar i kommunen vår mot år 2000 (151292)
- Barnehagetilbodet i Flora kommune – full barnehagedekning og fleksible løysingar (1997)
- Kommunedelplan skular og barnehagar 2000-2010 (2000)
- Flora kommune – omstilling 2000, delprosjekt 4 ”Strategisk skuleplan” (2000)
- Plan for barnehagetenester, delprosjekt som oppfølging av handlingsprogram for Flora kommune 2003

Statlege dokument:

- Lov 5. mai 1995 nr 19 om barnehager m/forskrifter
- Ot.prp.nr 76 (2002-2003) Om lov om endringer i barnehageloven
- Høringsnotat om ny barnehagelov m/endringar (BFD des. 2004)
- ”Klar, ferdig, gå! Tyngre satsing på de små!” Rapport frå arbeidsgruppe om kvalitet i barnehagesektoren BFD 8. mars 2005
- St.meld. nr 27 (1999-2000) ”Barnehage til beste for barn og foreldre”
- St.meld. nr 30 (2003-2004) ”Kultur for læring”
- St.meld. nr 28 (2004-2005) ”Om evaluering av maksimalpris i barnehager”
- UFD - Strategiplan ”Likeverdig utdanning i praksis - Strategi for bedre læring og større deltagelse av språklige minoriteter i barnehage, skole og utdanning 2004-2009”
- BFD – Handlingsplan ”Den gode barnehagen er en likestilt barnehage – Handlingsplan for likestilling i barnehagene 2004-2007”
- Revidert nasjonalbudsjett 2005

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR

Revidert barnehagelov og rammeplan set fokus på barnehagen si mangfaldige og samansette oppgåve i lokalsamfunnet, der god omsorg, pedagogisk kvalitet og lokalt initiativ er viktige faktorar. Kommunen som forvaltningsnivå har ansvar for, og tilsyn med både rammevilkår og fagleg innhald.

Dette dokumentet syner korleis Flora kommune kan leggje til rette for barnehageplass til alle som ønskjer det både i forhold til kortsiktig planlegging og i eit langsiktig perspektiv, i samsvar med statleg målsetting.

Planen er delt i 2 delar.

Plandelen inneheld:

- Kapittel 1 inneheld samandrag og konklusjonar.
- Overordna målsetting for barnehagesektoren i planperioden vert skissert i kapittel 2.
- Kapittel 3 presenterer konkrete tiltak i samsvar med målsettingane.
- Økonomiske utfordringar og løysingar vert framstilt i kapittel 4.
- Kapittel 5 syner viktige utviklingstrekk og utfordringar ut frå samfunnsendringar som verkar inn på barnehagetilbodet.
- Kapittel 6 har fokus på barnehagetilbodet i Flora kommune, frå status i dag til mål om full behovsdekking vert oppnådd.
- Kapittel 7 drøftar kvalitet, innhald og mangfald i barnehagetilbodet
- Kapittel 8 har fokus på barnehagebygga.

Referansedelen inneheld:

- Organisasjonsutvikling og forankring av arbeidet i sektoren.
- Hovudelement frå plandelen med ei kort oppsummering av barnetalsutviklinga , full behovsdekking, opptaksområde og nærmiljø og kapasitet.
- Utfordringar og moglegheiter for einingane

Barnehageplass til alle som ønskjer det

Dei siste 20 åra har barnehagesektoren i Flora kommune gjennomgått store endringar. Folketilveksten som kommunen opplevde frå midten av –80 talet førte til ein auka etterspurnad og utbygging av barnehageplassar i heile kommunen. Talet på barnehageplassar i perioden har auka med over 40%. Naturlege svingingar i barnetalet i ulike delar av kommunen har ført til både auka etterspurnad av barnehageplassar, og at barnehagetilbod er lagt ned. Barnetalsprognosane fram mot år 2015 syner nå ei utflating og nedgang i talet på barn. Mål om full behovsdekking vert venteleg nådd i løpet av 2005-2006, når ny barnehage på Krokane vert ferdigstilt. Innføring av trinn II av maksimalpris i barnehage, søknadar frå føresette i distriktet om barnehageplass i sentrum og auka bustadbygging, kan føre til eit framtidig auka barnehagebehov i sentrumsområdet.

- Det må leggest til rette for å imøtekomme eit auka framtidig barnehagebehov ved å auke arealet til Havrenes barnehage og Storevatn barnehage, og sette av areal til nye barnehagebygg i kommunedelplanen for Florelandet-Brandsøy.

Variasjon og fleksibilitet i tilbodet

Auka krav til effektiv drift mellom anna fordi dei økonomiske rammene til kommunesektoren minkar, har ført til at barnehagane driv svært effektivt. Full kapasitetsutnytting av areal i barnehagane i sentrum, har ført til redusert fleksibilitet. Redusert bemanningsnorm har ført til at ulike og andre måtar å organisere barnegruppene på har fått større fokus. Det er viktig å legge til rette for tilbod som når den gruppa av føresette som ønskjer eit anna type tilbod enn heil barnehageplass.

- Det må leggest til rette for fleksibilitet ved å kunne tilby større variasjon i prosentvis nytting av barnehageplassar som 40-50-60-80 og 100% tilbod.
- Det må innfor kvar barnehage sitt handlingsrom kunne leggest til rette for å tilby ulikt innhald og ulik organisering av tilbodet. (Dette må synleggjerast som barnehagen sin pedagogiske profil).

Barnehageplass til "alle barn"

Fleire statlege reformer har lagt grunnlaget for at fleire barn i aldersgruppa under skulepliktig alder har fått eit barnehagetilbod. Den mest merkbare reforma er senka opplæringspliktig alder til 6 år i 1997. I etterkant av denne er tilgjengelege barnehageplassar tilpassa aldersgruppa 1-5 år, og gjennomsnittsalderen er blitt lavare. Dette krev eit større fokus på småbarnspedagogikk og fysisk tilrettelegging. "Alle barn" er ei samansett gruppe (kjønn, alder, funksjonsnivå, familie- og kulturbakgrunn), og dette vil føre til auka merksemd kring barnehagen sin betydning som meiningsskapande, helsefremjande og førebyggjande arena for barn.

- For å gje alle barnehagebarn eit heilskapleg tilbod er det viktig å legge til rette for eit målretta samarbeid mellom barnehagen og ulike samarbeidspartar.

Innhald og kvalitet

Nyare forskning om barn si utvikling sett i lys av samanheng mellom innsatsfaktorar som menneskelege og materielle ressursar og resultat i form av læring og utvikling, dannar grunnlaget for fokus på kvalitet og innhald også i barnehagesektoren. Synet på den gode barnehagen er avhengig av dei ulike aktørane sitt syn på barn, barndom, småbarn sin status i samfunnet og barnehagen sitt oppdrag. Det er brei semje om at personalet sin kompetanse og barnehagen sitt fysiske og psykiske miljø er dei vesentlegaste innsatsfaktorane. Revidert barnehagelov og rammeplan gjenspeglar og slike oppfatningar i sitt fokus på innhald, medverknad og personalet sin kompetanse.

- Det må leggest til rette for på sikt å innføre ei gradvis innfasing av 2 pedagogar i grunnbemanninga.
- Alle tilsette må ha mulighet til ei målretta kompetanseheving i høve til dei krav som til ei kvar tid vert stilt i arbeidet med barna.
- Ein livsfaseorientert personalpolitikk må sjåast i samanheng med kompetanseutvikling, barnehageutvikling og –organisering, og integrerast i samla personalpolitisk plan for heile kommunen.
- I rekrutteringsarbeidet må det aktivt arbeidast for å imøtekomme krav om fagkompetanse og målsettinga om å utvikle og styrke ein likestillingsfremjande pedagogikk.
- Det vert viktig å legge til rette for funksjonelle og framtidsretta barnehagebygg

Organisasjonsutvikling og forankring av arbeidet i sektoren

For å forankre arbeidet med barnehageplanen og saman kunne sjå dei ulike utfordringane barnehagesektoren i Flora kommune står framfor i åra som kjem, har det vore eit viktig mål å engasjere alle dei tilsette i barnehagane.

Det er gjennomført felles fagkveld for alle tilsette der også politikarar var invitert. Alle barnehagane har arbeidd ut frå eigen ståstad med utfordringar for eigen barnehage, og fellesutfordringar for sektoren. Barnehagane sine utfordringar og muligheiter er synleggjort i referansedelen til planen.

Nettverk for barnehage har vore ein aktiv part i utforminga av målsettingar og tiltak for å imøtekomme framtidige utfordringar i barnehagesektoren.

2. MÅLSETTING

Flora kommune ønskjer å arbeide etter desse hovudmålsettingane i kommunedelplan for barnehage 2005-2015:

- Nå statleg målsetting om full behovsdekking i barnehage i løpet av 2006 ved nybygging og oppgradering av eksisterande barnehagar til fleksible og funksjonelle bygg.
- Avsette areal til barnehageformål i samsvar med planlagd bustadbygging, og i høve til ei framtidig utfasing av eksisterande, eldre bygg som i dag vert nytta til barnehagedrift.
- Sikre og vidareutvikle kvaliteten i barnehagetilbodet i kommunen, ved å leggje til rette for eit meir variert barnehagetilbod og auke dei tilsette sin fagkompetanse
- Leggje til rette for at barnehagane og i framtida skal skape eit godt grunnlag for livslang læring, aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn og ta omsyn til barna sitt funksjonsnivå, kjønn, sosiale, kulturelle og etniske bakgrunn
- Legge til rette for at barnehagen kan tilby eit trygt og utviklande oppvekstmiljø med vekt på leik og læring.
- Vidareføre målsettinga frå tidlegare planar om å samorganisere barnehage, skule og skulefritidsordning som ein teneste der dette er formålstenleg.
- Styrke samarbeidet mellom heim og barnehage gjennom dialog, samhandling og ved å ta i bruk ulike dataløysingar, profilere barnehagane gjennom å utarbeide eigne heimesider for kvar barnehage og gje søkjarar høve til elektronisk å innhente opplysningar og søkje barnehageplass.
- Sikre eit godt arbeidsmiljø for barn og vaksne.
- Sikre ein livsfaseorientert personalpolitikk som også tek omsyn til og fremjar likestilling mellom kjønn.
- Legge til rette for eit heilskapleg oppvekstmiljø ved å styrke samarbeidet mellom barnehage og skule, og andre samarbeidspartar som helsestasjon, PPT og barnevern

3. TILTAK

Vedtak i Flora bystyre 29.11.05 i sak 100/05

”Kommunedelplan for barnehagar 2005-2015. Handsaming etter høyringsrunde”

- Sette av areal til barnehageformål på Knapstadmarka og i Brandsøy i samband med rullering av kommunedelplanen for Florelandet – Brandsøy.
- Ferdigstille bygging av funksjonelt tilleggsareal i tilknytning til Havrenes barnehage og Storevatn barnehage i 2006 for å oppnå større fleksibilitet og fleire barnehageplassar i desse barnehagane.
- Frå august 2006 gjere det mogleg for foreldre/føresette å søkje eit meir fleksibelt barnehagetilbod.
- Innføre ei gradvis innfasing av 2 pedagogar som del av grunnbemanninga i kvar barnegruppe.
- Innan 2006 ha utarbeidd eigne heimesider for å profilere kvar barnehage, og gje søkjarar og brukarar høve til elektronisk å innhente opplysningar og søkje barnehageplass.
- Som del av prosjekt der Flora kommune er pilotkommune, utarbeide Handlingsplan for likestilling for barnehagane i Flora med fokus på rekruttering og likestillingsarbeid i barnehagane.
- Eit barnehagetilbod vert lagt ned, og barna overført til andre barnehagar når tal på plassar som vert nytta er mindre enn;
 - 7 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år
 - 5 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år, samorganisert med SFO og skule

4. ØKONOMI

Økonomiplanrammene byggjer på statlege tilskot til drift av nye barnehage på Krokane og vidareføringa av barnehageramma slik den ligg i gjeldande budsjett for 2005. Nye utrekningar visar at Flora kommune også kan oppnå skjønstilskott til å dekkje kapitalkostnader til ny barnehage på Krokane. Statlege mynde fullfinansierer dermed auka tal på barnehageplassar i Flora kommune. Ramme er no 0,6 mill. kr. lågare enn økonomiplan.

Tabell: Driftsramme

	Økonomiplan ramme	Utviding Krokane	Utviding Havreneset Storevatnet	Skjøn- tilskott	Ny økonomi plan ramme
Driftsutgifter	42 030	5 315	1 754		49 099
Driftsinntekter	-38 588	-4 634	-1 529		-44 751
Driftsresultat (netto driftskostnader)	3 442	681	225		4 348
Renter og avdrag utviding Storev./Havren				0	
Renter og avdrag Nye Krokane BH	1 900			-1 875	25
Effekt av investeringstilskott	-400				
Totalkostnader barnehageformål	4 942	681	225	-1 875	4 373

Investeringsplan for å nå målsettingane om full barnehagedekning er vist nedanfor. I investeringsprogrammet er det lagt opp til investeringstilskott på 4 mill. kr. Investeringstilskotet blir utbetalt som meirverdiavgiftkompensasjon. Nye plassar i Storevatn og i Havrenes blir betalt med tilskott.

Investeringar	2005	2006
Krokane Barnehage	19100	
Utviding – Storevatnet		300
Utviding – Havreneset		300
Investeringstilskott		-600

Investeringar i oppgradering av barnehagar og nye ventilasjonsanlegg blir prioritert saman med avsetningar til slike formål i økonomiplan.

Planen føreset å bruke eksisterande barnehageareal om lag slik det vert brukt i dag. Å fase ut eldre barnehagar barnehagebygg vil føre til dyrare reinvesteringar i nytt barnehageareal. Slik ressursfordelinga er lagt opp til vil det ikkje gje innsparingar på drifta å drive ein 4 avdelingsbarnehage i høve ein 2 avdelingsbarnehage.

5. UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

Statlege målsettingar og føringar

Frå å vere eit tilbod til få barn for 20 år sidan, er barnehagar i dag eit tilbod til omlag 70% av barn i aldersgruppa under skulealder. Den statlege målsettinga er at alle familiar som ønskjer det skal få eit barnehagetilbod til barna sine.

11. juni 2002 gjekk fleirtalet på Stortinget inn for ei avtale om barnehagepolitikken for perioden 2002-2005. Den såkalla barnehageavtalen la føresetnadar for vesentlege endringar i den offentlege styringa og finansieringa av barnehagesektoren.

Gjennom St. meld. nr. 24 *Barnehagetilbud for alle – økonomi, mangfold og valgfrihet*, og Ot. Prp. nr. 76 *Om lov om endringar i lov 5. mai 1995 nr. 19 om barnehager* er følgjande endringar vedtatt:

- Plikt for kommunane til å sørge for at det finnst eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder.
- Samordna opptaksprosess i kommunen
- Foreldrebetaling med forskrift om maksimalsats for foreldrebetaling og søskenmoderasjon
- Offentlege tilskot til private barnehagar med forskrift om likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar
- Kvaliteten i tilbodet skal oppretthaldast

Som ei oppfølging av barnehageforliket er det innført ei ordning med skjønnsmidlar til kommunane. Skjønnsmidlane skal dekke driftsutgifter (nettokostnad) til nye barnehageplassar, innføringa av redusert foreldrebetaling og økonomisk likebehandling av kommunale og ikkje-kommunal barnehagar, og såleis sikre at kvaliteten i barnehagane vert oppretthalden.

Det er og innført ei ordning med investeringstilskot som skal dekke deler av anleggskostnader og redusere finansieringsbehovet for etablering av nye barnehageplassar. Slikt tilskot har ei bindingstid på 10 år.

Kommunane si rolle som barnehagemyndede skal styrkast, og frå 010106 skal ansvaret for styring og finansiering av sektoren overførast til kommunane. Øyremerka statstilskot til drift av barnehagar var varsla overført til kommunane sitt rammetilskot frå 2006, men i revidert nasjonalbudsjett 2005 er dette utsett til 2007. Revidert barnehagelov og rammeplan skal gjelde frå 010106.

Barnehagane i eit samfunnsperspektiv

Dei siste åra har barnehagesektoren vore utsett for mange endringar. Endringane kjem fordi forskning påverkar innhaldet i barnehagane og syn på barn, foreldra krev eit anna tilbod i dag enn for nokre år sida, auka krav til effektiv drift - og organisering fordi dei økonomiske rammene til kommunesektoren minkar. Kravet til effektiv drift og nye metodar for tilrettelegging av born sin aktivitet påverkar dei fysiske krava til bygg og utvendig areal. Vi veit at eit godt og tilrettelagt barnehagetilbod er eit positivt bidrag til barna sitt utdanningsløp.

Barnehagane blir også påverka av dei endringane vi opplever i samfunnet. Dette være seg krav frå ein arbeidsmarknad i endring, krav til å inkludere nye grupper av barn med fleirkulturell bakgrunn og endringar i offentleg og regional politikk.

Det er ein gjensidig påverknad mellom barnehagar og arbeidsmarknaden, fordi eit godt barnehagetilbod er ein viktig føresetnad for yrkesdeltaking. Barnehagane er og viktig for tilflytting, fordi den fungerer som sosial arena for nytilflytta. Her i vårt lokalmiljø har ein større del av dei sysselsette fått endra sitt tilhøve til arbeidsmarknaden som fylgje av omstilling og endring i privat så vel som offentleg verksemd.

- Truleg er undersysseissettinga stor mellom kvinner som fylgje av ein trong arbeidsmarknad
- Truleg er det fleire som pendlar i dag enn for nokre år sidan
- Truleg er det fleire som har ei lausare tilknytning til arbeidsmarknaden som fylgje av større bruk av mellombels tilsetning, sesongarbeid o.l.

Når normalarbeidsdagen vert mindre normal kan også dette innverke på korleis foreldra ynskjer å nytte barnehageplassane. Vi ynskjer born i barnehagane fordi dette er positivt i høve utdanningsløp, omsorg, og sosial trening. At mange nyttar barnehagetilboda er i seg sjølv stadfesting på eit godt kvalitativt tilbod og er viktig for å oppretthalde breidda i tilbodet. Færre born gjev truleg mindre mangfald i tilbodet og mindre rom for fleksible løysingar. Framover vil truleg arbeidsinnvandring frå andre land bli av ein større skala enn i dag, mellom anna for å rekruttere til yrke innan omsorg og helse. Barnehagane er i dag gode til å inkludere innvandrarakar, men mellom denne gruppa er deltaking i barnehagane for liten.

Ny offentleg politikk er krevjande fordi dei utfordrar ”gamle kollektive ordningar”. Der det tidlegare var tilfredstillande at det fanst eit barnehagetilbod er det i dag viktig at dette er individuelt tilpassa. Der det tidlegare var tilfredstillande med dag til dag samtalar mellom dei tilsette og foreldra er det i dag naudsynt med individuell planlegging for kvart born og måling av resultat i høve ressursbruk, tilbakemeldingar og medarbeidarane sine vurderingar av arbeidsplassen, born og kommune.

Dersom dette vert handtert enkelt og smertefritt kan det være med på å gje barnehagane betre tilbod gjennom å være eit verktoy for rette fokus mot kvalitet, innhald og rammevilkår. Vert det nytta galt, eller får for stor verdi, dreg det leiarane og dei tilsette si merksemd vekk frå det viktige, å drive gode barnehagar.

Barnehagen si oppgåve i lokalsamfunnet

Fullt utbygd sektor med barnehageplass til dei som ønskjer det, vil spele ei viktig rolle for busetting, trivsel og optimisme i kommunen.

Revidert barnehagelov og rammeplan som skal gjelde frå 010106, vil og i sterkare grad understreke barnehagen si rolle i lokalsamfunnet. Barnehagen er primært eit tilbod for barn i aldersgruppa 1-5 år, men erfaringar syner at tilbodet og kan omfatte barn under 1 år og barn som av ulike grunnar får utsett skulestart.

Målet er at alle barn skal ha tilbod om barnehageplass dersom foreldra ønskjer det. ”Alle barn” er ei samansett gruppe som kan kategoriserast ut ifrå kjønn, alder, funksjonsnivå, familie- og kulturbakgrunn osv. Dette bør føre til ei aukande merksemd kring barnehagen sin betyding som meiningsskapande, helsefremjande og førebyggjande arena for barn.

Barnehagen er ein kulturinstitusjon i nærmiljøet, og det viktigaste kulturtilbodet til barn i aldersgruppa. Barnehagen får ei viktig oppgåve i å binde saman fortid med notid og framtid, styrke den lokale kulturen og vise respekt for lokale tradisjonar, dialektar, skikkar og normer. Barnehagen vil for mange vere første steget som deltakar i eit nærmiljø. Barnehagen vert første ledd i eit større nettverk av personar institusjonar og andre einingar i lokalsamfunnet

Barnehagen vil møte auka forventningar til innhald og organisering frå ulikt hald. Slike forventningar gjev utfordringar som føreset kontinuitet i innhald og arbeidsmåtar:

- Barnegruppene vert stadig yngre. I 2002 var på landsbasis 24,5 % av barna i barnehagen under tre år, mot 3,7 % i 1980. Dette krev eit større fokus på småbarnspedagogikk og fysisk tilrettelegging.
- For barn med nedsett funksjonsevne er det særleg viktig at barnehagen sitt fysiske rom både inne og ute har ei universell utforming, og at det er tilstrekkeleg pedagogisk kompetanse til å kunne legge tilrette læringsmiljøet og støtte barna til å delta i leik og andre aktivitetar.
- Det er eit nasjonalt mål at barnehagane skal motarbeide eit tradisjonelt kjønnsrollemønster; det er viktig at barna både i teori og praksis får oppleve kva likestilling mellom kjønn er. Dette er ei stor utfordring i ein sektor med overvekt av kvinnelege tilsette.
- Flora er eit multikulturelt samfunn, og barnehagen har som oppgåve å utvikle eit miljø der alle barn vert møtt med respekt og anerkjenning. Det er eit mål at alle barn skal oppleve ei interkulturell tilnærming i det pedagogiske arbeidet, og at barn med eit anna morsmål enn norsk skal få høve til å utvikle morsmålet sitt samtidig som dei får norskopplæring. Barnehagane spelar og ei viktig rolle når det gjeld integrering i Florasamfunnet både for barn og vaksne. Vaksne innvandrarak som er knytt opp til introduksjonsprogrammet, får tilbod om praksisplass i barnehagane for å lære norsk språk og kultur og kjenne, og for å få arbeidstrening.
- Barnehagen har mange samarbeidspartar, m.a. helsestasjon, PPT, barnevern, Innvandrarsenteret og grunnskule. For å kunne gje alle barnehagebarn eit heilskapleg

tilbod er det viktig at kontakten mellom barnehagen og samarbeidspartane vert formalisert og sett i system.

6. BARNEHAGETILBODET I FLORA KOMMUNE

Barnehagetilbodet i 2005

Med satsing på ei desentralisert barnehageutbygging på 90-talet, har dei fleste distrikta eit relativt nytt og funksjonelt barnehageareal der barnehagetilbodet er samorganisert med skule og SFO:

Askrova: har barnehageareal, men ikkje barnehagetilbod
Batalden: har barnehageareal, og gjev eit heildagstilbod 4 dagar i veka
Rognaldsvåg: har barnehageareal og gjev eit tilbod 3-4 dagar i veka à 6 timar for dag
Solheim: har barnehageareal, og gjev eit heildagstilbod 5 dagar i veka
Standal: har barnehageareal, men ikkje barnehagetilbod
Steinhovden: har barnehageareal og gjev eit heildagstilbod 5 dagar i veka

Eikefjord barnehage har barnehagetilbod til barn i alderen 1-5 år. I 2003 vart kapasiteten ved barnehagen utvida då ein gjekk til innkjøp av lavvo og oppretta ei natur- og friluftsgruppe. Barnehagen har i dag kapasitet til å ta inn fleire barn. Det vil i åra framover vere naturleg å sjå området Eikefjord-Steinhovden under eitt i høve til eit samla barnehagetilbod i denne delen av kommunen.

Dei fleste barnehageplassane finn vi i området Brandsøy-sentrum. Dette området har over 80% av barnehageplassane i kommunen og nærare 85% av talet på barn i aldersgruppa 1-5 år. Søkjartala til hovudinntak til barnehageplass har halde seg nokolunde konstant dei siste åra, med ei gjennomsnittleg søkjarmasse på 160-170 barn. Sjølv om det er oppretta fleire barnehageplassar ved å utnytte kapasiteten i barnehagane i sentrum, ser vi likevel at det vert venteliste til barnehageplass. Dette handlar om at fleire gjerne søker 100% barnehageplass, og at det i sentrum er ei underdekning på barnehageplassar spesielt i aldersgruppa under 3 år.

Status i dag er at distrikta har ledig kapasitet til å ta imot fleire barn, medan det i sentrum er venteliste til barnehageplass.

- I mai 2005 nyttar 543 barn 476 barnehageplassar fordelt i dei ulike barnehagane.
- Lov om barnehagar regulerer netto leikeareal pr barn, og tal på barn pr pedagog.
- Administrasjonsressursen er fastsett ut frå tal på avdelingar/barnegruppe.

Barnehagane har ei effektiv drift, med maksimalt utnyttta leikeareal og ei grunnbemanning som er i samsvar med tal på plassar som til ei kvar tid er i bruk ut frå slik grunnbemanning:

- 10 plassar under 3 år gjev 300% stilling
- 20 plassar over 3 år gjev 300% stilling

Slike grunnleggjande rammeføresetnader vil ligge til grunn for barnehagedrifta uavhengig av storleiken på barnehagen (t.d. 2 avdelingar eller 4 avdelingar).

Fig. 1. Kapasitet og utnyttingsgrad i barnehagane i mai 2005

Namn barnehagar	Administr ressurs	Grunnbemanning		Andre stillingar	Netto leikeareal	Opn.tid pr veke		Oppr. plassar		Plassar i bruk		Barn med tilbod	
		ped.pers	ass/fagarb.			Dagar	Timar	1-2 år	3-5 år	1-2 år	3-5 år	1-2 år	3-5 år
Batalden	0,16	0,8	0,2	0	70 m2	4	32	4	6	2	5,5	3	6
Bergmovegen	0	0,2	1	0	1 heim	5	41	4	0	0	0	0	0
Brandsøy	0,35	1	1,7	0,2	230 m2	5	48,75	0	18	0	18	0	19
Dalvegen	0,7	2,3	3,7	0,5	144 m2	5	48,75	10	20	10	20	11	21
Eikefjord	0,8	3,1	4,6	0,6	lavvo+167 m2	5	48,75	9	11 + 18	9	25	12	32
Furuhaugane	1,4	4,6	8,6	1,1	368 m2	5	48,75	64 andelar samla		15	49	18	53
Havrenes	1,4	4,5	7,5	0,9	290 m2	5	48,75	20	40	20	40	20	53
Krokane	0,35	1,65	1	0,4	72 m2	5	41,25	0	18	0	18	0	21
Nepjarhaugen	0,7	2,5	3,2	1,3	165 m2	5	48,75	0	40	0	40	0	44
Nyheimvegen	0,7	2,1	3,9	0,2	157 m2	5	48,75	0	34	0	34	0	36
Rognaldsvåg	0,16	0,39	0,24	0	100 m2	4	24	4	6	1	5,1	4	5
Solbakken	0,35	1	3	0,5	81,7 m2	5	42,5	Fleksibelt areal		11	5,5	12	5
Solheim	0,16	1	0,83	0	120 m2	5	48,75	4	10	2	5	4	6
Steinhovden	0,16	0,76	0,52	0	314 m2	5	48,75	4	10	2	3	4	4
Storevatn	1,5	4	7,5	0,6	259 m2	5	48,75	19	38	15,5	43	16	47
Svanøy	0,16	0,25	0,66	0	120 m2	5	41,25	4	10	1	4	2	5
Torvmyrane	1,55	6	8	3	lavvo+350 m2	5	48,75	20	11 + 40	18	55	21	59
Sum	10,6	36,15	56,15	9,3				127	385	106,5	370,1	127	416

Barnehagedekninga i dag

Full behovsdekking er i dag definert som barnehageplass til dei som ønskjer det, då erfaringar med endringar i statlege rammeføresetnader , befolkningsendringar og endringar i samfunnstilhøva gjer full dekning til eit bevegeleg mål.

Fig. 2. Utviklingstrekk – barnehagedekking i forhold til tal på barn i aldersgruppa

Kostra-tal	Flora			Gr 8			Sogn og Fjordane			Landet uten Oslo		
	2002	2003	2004	2002	2003	2004	2002	2003	2004	2002	2003	2004
% vis dekningsgrad;												
Barn m/bhgplass 1-5 år	63,5	65,4	65,9	61,3	64,9	69,3	72,4	74,6	75,8	65,1	68,6	72
Barn m/bhgplass 1-2 år	33,5	34,4	37,7	34	37,9	42,8	45,3	47,6	48,6	38,7	42,4	46,9
Barn m/bhgplass 3-5 år	81	84,4	84,1	78,5	81,5	85,6	89,7	91,3	92,9	82	84,8	87,7
Barn i komm bhg	84,9	84,9	83,2	50,5	49,7	47,8	76,1	76,1	76,6	56,7	55,3	53,7
Barn i bhg m/opph 33t<	71,7	73,1	79,5	63,3	65,4	71,5	53,4	54,3	59,8	63,8	66,7	71,3
Barn i bhg m/opph 32t>	28,3	26,9	20,5	36,7	34,6	28,5	46,6	45,9	40,2	36,2	33,3	28,7
Del minoritetsspr. Barn	5	4,4	6,2	3,1	3,3	3,5	2,1	2,9	3,2	3,8	4,2	4,5

Flora kommune ligg i dag under samanlikningsgruppa med ei barnehagedekning med 65,9% i aldersgruppa 1-5 år.

Etablering av nye barnehageplassar er siste åra knytt opp til meirinntak i eksisterande barnehagar i sentrum ut frå full kapasitetsutnytting og behov for effektivisering.


Tabellen syner at:

- Tal på barn i aldersgruppa over 3 år med barnehageplass går ned frå 2003 til 2004. Dette heng saman med at tal på barn i aldersgruppa, særskilt i distrikta går ned.
- Tal på barn med kommunal barnehageplass går ned frå 2003 til 2004. Dette heng og saman med at tal på barn i distrikta som ønskjer eit barnehagetilbod går ned, og at barnehagetilbod er lagt ned. Mellombels privat barnehagetilbod på Solbakken vart oppretta seint i 2004.
- Barn med heildagstilbod aukar. Dette samsvarar med behovsundersøkinga vi gjennomførte i 2003, der 82% av dei føresette gav ei tilbakemelding om at dei ønska full barnehageplass når maksimalsats for foreldrebetaling vart innført.
- Tal på minoritetsspråklege barn med barnehageplass aukar, og Flora ligg over gjennomsnittet med del av minoritetsspråklege barn i barnehage. Mellombels oppretting av Solbakken barnehage dannar grunnlaget for denne auken.

Befolkningsframskriving

Utviklinga i talet på barn under skulealder syner ei utflating og tilbakegang. Færre 25-35 åringar saman med lågare innflytting dei siste åra er delvis årsak til dette. Utflytting pga endringar i næringslivet verkar og inn på tal på barn i aldersgruppa. Dette gjev størst utslag i distrikta i Flora, der spørsmål om å oppretthalde barnehagetilbodet vert vurdert kvar vår på grunn av få barn med behov for barnehageplass.

Fig. 3. Tal på barn 0 – 5 år fordelt på distrikt og sentrum



Ser vi nærare på aldersgruppene 1-2 år og 3-5 år som er primærbrukarar av barnehageplassar, syner prognosen ein samla tilbakegang på 100 barn i perioden frå år 2004 til år 2015:

Fig. 4. Samla folketalsprognose for aldersgruppa 1-5 år basert på dagens folketal.

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sum 1-2år	363	341	365	337	310	314	317	310	294	290	287	286	286	287	287	289	292
Sum 3-5år	554	577	531	540	532	513	489	461	476	465	456	438	432	430	428	430	429
Sum 1-5år	917	918	896	877	842	827	806	771	770	755	742	723	718	717	715	719	721

Nyetaableringar i næringslivet med mål om 1000 nye arbeidsplassar innan år 2020, gjev likevel grunn til å tru på ei meir optimistisk framtid med omsyn til tal på barn. Ein auke i barnetalet vil vere avhengig av relativ stor tilflytting av personar i aldersgruppa 25-35 år.

Mot full behovsdekking i Flora kommune

Flora kommune har ansvaret for å legge til rette for nok barnehageplassar. Flora bystyre har vedtatt å bygge ut barnehagearealet på Krokane ved å utvide Krokane barnehage med 54 barnehageplassar. Desse plassane vert ferdigstilt i desember 2005, og vil venteleg gje eit tilbod til dei barna som i dag står på venteliste. Dette utgjer i dag ca 30 barn, der dei fleste er under 3 år. Befolkningsendringar og endringar i samfunnstilhøva gjer full barnehagedekking til eit bevegeleg mål. Utfordringa vert derfor å legge til rette for nok barnehageplassar ut frå eit behov som kan oppstå til eikvar tid, også etter år 2006. Slik driftstilhøva er tilrettelagt vil tal på plassar og grunnbemanning stå i forhold til kvarandre. Forskrift om netto leikeareal vil styre kor mange plassar ein kan ha innanfor eit bestemt barnehageareal. Det fornuftige vil derfor vere å ha tilrettelagt eit samla barnehageareal som også kan ta svingingar i talet på barn som vi veit oppstår i periodar.

Lokale konsekvensar av statlege føringar

Våren 2003 vart det gjennomført ei kartlegging på kva type barnehagetilbod foreldra vil velje ved innføring av maksimalpris på foreldrebetalinga, og viktige føresetnadar som ligg til grunn ved val av barnehagetilbod. Tilbakemeldinga vi fekk stadfesta tendensen vi hadde merka oss:

1. Vi ønskjer slikt tilbod når	
når foreldrebetalinga vert sett ned	
Type tilbod:	Svar i %
100 %	82
80 %	7
40-50-60%	11
2. Dette styrer vårt val av	
barnehagetilbod	
Kriterie:	Svar i %
Eiga arbeidstid	61
Barnet sitt behov	22
Økonomi	13
Andre ting	4
3. Dette styrer vårt val av	
barnehage	

- Over 80% av foreldre/føresette ønska eit heildagstilbod
- Foreldra si arbeidstid styrer hovudsakleg val av opningstid
- Avstand til heimen er avgjerande for val av barnehage

Kriterie:	Svar i %
Avstand til heimen	41
Kvalitet på pedagogisk tilbod	17
Arbeidstid - opningstid	14
Avstand til arbeidsplass	10
Uteområdet	8
Andre tilhøve	8
Bygningsstandard	2

Erfaringar vi gjer oss i dag når trinn I av maksimalpris i barnehagar er innført, stadfestar ytterlegare foreldra si tilbakemelding. Fleire foreldre/føresette i Flora kommune søker full barnehageplass til barna sine, og talet på reelle søkjarar under 3 år er fleire enn tidlegare år.

Denne tendensen er lik for heile landet. I St.meld. nr. 28 (2004-2005) ”Om evaluering av maksimalpris i barnehager” er det gjort vurderingar i forhold til etterspørsel etter barnehageplassar og demografiske endringar på lengre sikt. SSB sine framskrivingar av barnetalet i aldersgruppa 1-5 år på landsbasis flatar ut og går noko ned fram mot 2010. Ved innføring av trinn II av maksimalpris i barnehagar, går vurderingane mot at fleire enn i dag vil søkje auka opphaldstid i barnehage. Ut frå desse føresetnadane må kapasiteten i barnehagesektoren ligge over dagens kapasitet for å sikre full behovsdekking også i framtida.

Ut frå slike vurderingar må også Flora kommune sjå på barnehagekapasiteten både på kort og lang sikt. I tillegg må prinsipp om nærleik til barnehagen vurderast.

Opptaksområdet og nærmiljø

Kravet om samordna inntak skal gjere kommunen betre i stand til å planlegge barnehagetilbodet, og å oppnå full barnehagedekking (barnehageplass til dei som ønskjer det). Med utgangspunkt i samordna inntak til barnehagane ser vi området frå Brandsøy til og med sentrum som eit opptaksområde. Føresette søker primært barnehageplass i eige nærmiljø, og tilbod om barnehageplass vert i stor grad tildelt etter dette. Tildeling av barnehageplassar vert gjennomført etter inntaksliste, basert på Flora kommune sine kriterier for inntak til barnehagane. Bustadbygging og intern flytting i sentrumsområdet og kapasiteten ved dei ulike barnehagane, kan føre til at føresette ikkje alltid får tildelt første eller andre ønske om barnehageplass. Fleksibiliteten ved samordna opptaksprosess fører likevel til at føresette vil få eit barnehagetilbod i opptaksområdet. Vi opplever likevel at foreldre av ulike årsaker ikkje kan ta imot tilbod om barnehageplass dersom avstand frå heimen vert for stor

Behovsdekking og etterspurnad av plass

Med utgangspunkt i framskriving av tal på barn vil vi med å legge til rette for eit utvida areal for fleksibilitet og å opprette ekstra barnehageplassar, få slik barnehagedekking i 2007 i sentrumsområdet:

Fig. 5 Behovsdekning 3-5 år

Behovsdekning i 2007 i sentrum + Krokane + Torvmyrane + Brandsøy 3-5 år									
	Alt dekning	0,2	0,25	0,3	0,4	0,5	0,6	0,7	0,8
	tall plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass
BARNETAL	420								
100% dekning	420	36	26	15	-6	-27	-48	-69	-90
90% dekning	378	-2	-11	-21	-40	-59	-77	-96	-115
80% dekning	336	-40	-48	-56	-73	-90	-107	-124	-140
70% dekning	294	-49	-85	-92	-107	-122	-136	-151	-166
60% dekning	252	-115	-122	-128	-140	-153	-166	-178	-191
1/1 plassar	342								

Det er lagt inn ein auke på 10 barnehageplassar i aldersgruppa over 3 år fordelt på Havrenes barnehage og Storevatn barnehage. Auka tal på plassar kan gjennomførast ved å auke arealet i desse barnehagane t.d. som eit halvklimalisert areal.

Dette tilsvarar om lag full barnehagedekning i aldersgruppa over 3 år, der alle får tilbod om full barnehageplass.

I aldersgruppa under 3 år har vi færrest barnehageplassar, og det er i denne gruppa vi har størst venteliste til barnehageplassar. Mange foreldre nyttar og høvet til eit redusert barnehagetilbod kombinert med kontantstønad. Ei planlagd utbygging som tidlegare omtala med ei auke på 10 plassar også i denne aldersgruppa, vil gje 60% av barna i aldersgruppa eit tilbod der 50% søker redusert plass.

Fig. 6 Behovsdekning 1-2 år

Behovsdekning i 2007 i sentrum + Krokane + Torvmyrane + Brandsøy 1-2 år									
	Alt dekning	0,2	0,25	0,3	0,4	0,5	0,6	0,7	0,8
	tall plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass	red.plass
BARNETAL	253								
100% dekning	253	114	107	101	88	76	63	50	38
90% dekning	228	91	85	80	68	57	45	34	23
80% dekning	202	68	63	58	48	38	28	18	7
70% dekning	177	63	41	37	28	19	10	1	-8
60% dekning	152	23	19	15	7	0	-8	-15	-23
1/1 plassar	114								

Erfaringsmessig veit vi at det i aldersgruppa over 3 år vil vere om lag 20% av foreldra som søker redusert barnehageplass. Ei fleksibel tilrettelegging av plassar gjer til at vi i fleire barnehagar har høve til å "gjere om" plassar mellom aldersgruppene. Slik fleksibilitet gjer til at barnehagetilbodet i stor grad kan tilpassast søkerane uavhengig av alder.

Kortsiktige utfordringar mot full behovsdekking

Med utbygginga på Krokane vil kommunen kunne gje dei som i dag søker barnehageplass eit tilbod. Tilbodet dekkjer altså etterspørselen av plassar. Det som også er viktig å ta omsyn til er å kunne nå den gruppa av foreldre/føresette som av ulike omsyn ikkje søker barnehageplass då tilbodet ikkje er tilrettelagt for deira behov. Viktige omgrep i denne samanheng handlar om fleksibilitet og nærmiljø. Sjølv om ein ser ein aukande tendens til at fleire søker full barnehageplass, er det og viktig å leggje til rette for ein fleksibilitet som ikkje ekskluderer barn frå eit barnehagetilbod. Med maksimal utnytta kapasitet i barnehagane er det i dag ikkje rom for t.d. å ta inn barn ”i tillegg” på enkeltdagar. Området sentrum-Brandsøy vert rekna som eitt inntaksområde til barnehageplassar. Spørsmålet er om det er eit ”godt nok” tilbod til den familien i Havrenes som ikkje disponerer bil og får tilbod om barnehageplass på Torvmyrane som dei ikkje kan nytte seg av. Dette er ikkje noko stort problem, men ein må sjå om kapasiteten til barnehagane kan tilby eit fleksibelt tilbod som taklar svingingar i barnetalet.

Det er og viktig at barnehagane i sentrum kan tilby barn frå distrikta eit barnehagetilbod dersom foreldre/føresette ønskjer dette. Talet på barn i aldersgruppa i distrikta går ned, og det vert stadig gjort vurderingar i forhold til om eit barnehagetilbod skal oppretthaldast eller ikkje.

Ei nærliggande løysing på desse problemstillingane vert å byggje ut barnehagekapasiteten ved 2 av barnehagane i sentrum som har eit uteleikeareal som taklar eit auka tal på barn innanfor forskrift om arealnorm på uteleikeplassen. Det er då naturleg å velje ut Storevatn barnehage og Havrenes barnehage. Ein auka kapasitet må planleggast i høve til andre utbetnings- og vedlikehaldstiltak som skal gjennomførast, slik at bygga vil framstå som framtidsretta og funksjonelle og kjem heile barnehagen til gode. Utbyggingskostnadar vert søkt dekkja av statleg investeringstilskot.

Langsiktige utfordringar for å ivareta full behovsdekking

Det er ei stor utfordring å kunne planlegge for akkurat nok barnehagekapasitet, spesielt når dette handlar om 5 –10 år og eventuelt endå lenger fram i tid. For å nå statleg målsetting om full behovsdekking innan år 2006, treng Flora kommune kapasiteten på barnehageareal i eksisterande barnehagebygg, i tillegg eit lite auka areal for å legge til rette for manglande fleksibilitet.

Det er gjennomført ei tilstandsanalyse for barnehagebygga i sentrum. Investeringar i høve utbetningstiltak som i all hovudsak har arbeidsmiljømessige omsyn, vert gjennomført som arbeidsmiljøtiltak og er inkludert i økonomiplanen.

I eit langtidsperspektiv må det takast omsyn til:

- Nokre av barnehagebygga er relativt ”gamle” bygg som i åra framover vil trenge vedlikehald.
- Nokre av bygga er i utgangspunktet bygd som anna areal, og ombygde til barnehageformål. Ikkje alle er like funksjonelle til barnehagedrift på lang sikt.

- Auka tilflytting av barnefamiliar, og innføring av trinn II for maksimalpris i barnehagar vil føre til auka etterspørsel av barnehageplassar

Det vert viktig å avsette areal til barnehageformål i samband med rullering av kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy. Avsetting av barnehageareal må sjåast i samanheng med areal avsett til bustadføreml. Avsett areal i Brandsøyområdet vil vere hensiktsmessig, då dette kan imøtekomme auka bustadbygging i området Solheim-Brandsøy. Med t.d. ei fortetting av bustadareal i sentrum vil område på Knapstadmarka eigne seg til barnehageareal både for auka tilflytting, og for ei eventuell utfasing av eksisterande barnehageareal om dette skulle bli naudsynt. Eventuelle storleikar på barnehagebygg må vurderast på eit seinare tidspunkt, når ein har betre føresetnadar for å kunne gjere dette.

7. KVALITET, INNHOLD OG MANGFALD I TILBODET

Kvalitet i barnehagen

Definisjonar av barnehagekvalitet handlar både om korleis den gode barnehage er, kva som skal til av innsatsfaktorar og ressursar og kva resultat ein ønskjer å nå.

Kvalitet er *relativt* fordi det kjem an på kva ein samanliknar med, *dynamisk* fordi synet på kva som er godt og godt nok for barn stadig endrast i takt med endringar i samfunnet, og *verdiavhengig* fordi det kjem an på kva eigenskapar den enkelte og samfunnet ser på som verdifulle.

Kvalitetsomgrepet er m.a.o. svært kompleks og inviterer til ei brei tilnærming til arbeidet med å sikre og utvikle kvalitet. I eit demokratisk samfunn bør alle involverte partar delta i diskusjonen om korleis den gode barnehagen bør vere. Med ei deltakande tilnærming til kvalitet, vert det viktig å sørgje for deltaking frå ulike aktørar og interessentar både i planlegging og vurdering av barnehagen sitt arbeid.

Kvalitetsvurderingar i barnehagen skjer gjerne innanfor desse tre dimensjonane:

- *Strukturkvalitet* omfattar rammefaktorar og føresetnadar som lover, føreskrifter, budsjett, bemanning, personalet sin kompetanse, storleik på barnegruppene, lokale, uteområde, utstyr og materiell. Strukturkvalitet kan forståast som ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg føresetnad for kvalitet. Utvikling av barnehagen sin innhaldsmessige kvalitet krev meir enn gode rammeføresetnadar.
- *Prosesskvalitet* handlar om prosessar og relasjonar mellom barn, foreldre og tilsette i barnehagen i tillegg til samarbeid med andre instansar som skule, PPT, helsestasjon og barnevern. Kva som vert sett på som gode prosessar i barnehagen heng saman med barnehagen sitt oppdrag. Rammeplanen sitt verdigrunnlag med fokus på barndommen som ei livsfase med eigenverdi, barn sin rett til medverknad og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn, samt målet om å gje barn gode lærings- og

utviklingsmulegheiter, stiller store krav til vaksenrolla. Kritisk refleksjon over tradisjonar og haldningar kan bidra til å utvikle denne kvalitetsdimensjonen.

- *Resultatkvalitet* omfattar både individnivået, institusjonsnivået og samfunnsnivået. Forståinga av kva barnehagen sine resultat består av, må forankrast i lov- og planverk og barnehagen sin eigenart, og bygge på eit heilskapleg læringssyn som integrerer sosiale og pedagogiske prosessar. Ein må stille spørsmål som: Kva opplevingar og erfaringar er det viktig at barna får i barnehagen? Kva må dei lære noko om? Kva utbytte skal barna ha av å vere der? Kva betydning har barnehagen si verdiskaping for foreldra, lokalsamfunnet og samfunnsutviklinga? Resultatkvaliteten er nær knytt til kvaliteten på dei daglege prosessane i barnehagen. Dei vaksne sin profesjonalitet og evne til i praksis å ta inn over seg det etiske ansvaret dei har som personale i barnehagen, bidreg til å understreke koplinga mellom prosess- og resultatkvalitet.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring handlar om det systematiske arbeidet som gjerast for å sikre at alle ledd i organisasjonen handlar på den måten ein har vorte samde om. Det første steget når det gjeld kvalitetssikring er altså å verte samde om noko. Det handlar om å utforme eit system som er kjent for alle som har ansvar og interesser i barnehagen si verksemd. Kvalitetssikringssystem skal støtte verksemda sitt arbeid i å nå måla sine og operere i samsvar med føremåla. I barnehagesamanheng må ein skilje mellom område der det er hensiktsmessig å arbeide planmessig og systematisk og område som ikkje kan underleggast system, rutinar og kontroll.

Fig. 7 Ulike nivå i eit kvalitetssikringssystem

<p><i>Individnivå</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - observasjonar - intervju - samtaler - praksisforteljingar - videofilming 	<p><i>Tenestenivå</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - rettleiing - reflekterande dialog - pedagogisk dokumentasjon - barnehagebasert vurdering - lokalt utviklingsarbeid
<p><i>Kommunalt nivå</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - handlingsprogram og årsrapport - oppfølging på tenestenivå - fagnettverk - hospitering 	<p><i>Nasjonalt nivå</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - kontroll gjennom Kostra og tenestedata - oppfølging av lover og føreskrifter

Barnehagane i Flora har i arbeidet med innhald, kvalitet og kvalitetssikring utvikla ulike system og oppretta grupper på ulike nivå. Dette arbeidet vert vidareført i planperioden:

- ”Plan og vurderingssystem” som reiskap for utarbeiding av handlingsprogram og årsrapport i den enkelte teneste

- Ei ”kvalitetsgruppe” planlegg og koordinerer arbeidet med innhald og overordna satsingar som grunnlag for målretta kompetanseutvikling. Det er utarbeidd ein plan for kvalitetssatsing på ulike nivå: barnehage, nettverk, kommune og region.
- Fagnettverk for pedagogiske leiarar og hospitering for assistentar er tiltak som fungerer svært godt.

I tillegg har dei fleste styrarane og nokre få pedagogiske leiarar teke vidareutdanning i Pedagogisk utviklingsarbeid. Ein del av denne utdanninga består i å gjennomføre eit prosjekt i eigen barnehage. Dette har tilført den enkelte barnehage og sektoren naudsynt og viktig kompetanse. Det er og sett i gang arbeid i regionen knytt til å utvikle barnehagekvaliteten. Her vert det sett fokus på kompetanseheving både for heile personalgruppa, pedagogiske leiarar, og for tenesteleiarar.

Dette understrekar personalet sin betydning for kvaliteten på barnehagetilbodet. Utfordringa vert å oppretthalde og vidareutvikle eksisterande system i samsvar med nye behov.

Livslang læring

Barnehagen er ein viktig læringsarena for barna, og det vert derfor viktig med refleksjon kring barnehagen sitt innhald. Vår barnehagetradisjon bygger på eit heilskapleg læringsomgrep, med ei integrering av omsorg, leik og læring. Framtidas barnehage skal skape eit godt grunnlag for livslang læring, aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn og ta omsyn til barna sitt funksjonsnivå, kjønn, sosiale, kulturelle og etniske bakgrunn.

I barnehagen ser vi barna si læring i eit dobbelt perspektiv: Barna sin kompetanse, interesser og rettar på den eine sida og samfunnet sine forventningar og krav på den andre. Barnehagen har eit stort ansvar for å fremme verdiar, haldningar og vaner som dannar grunnlag for eit godt liv for den enkelte og til eit demokratisk og bærekraftig samfunn. Dette er ein del av danningstradisjonen i pedagogikken. Danning er ein personleg prosess som handlar om eit aktivt og bevisst forhold til omgjevnadene og evne og vilje til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar.

I utkast til ny Lov om barnehagar vert det foreslått ein eigen paragraf om barn sin rett til medverknad. Undersøkingar stadfestar at barnehagebarn er i stand til å uttrykke seg om kva som er godt og ikkje godt ut frå deira perspektiv. Dei må difor i større grad enn no takast med både i planleggings- og vurderingsarbeidet i barnehagen. Barn kan m.a. vere med å bestemme kva leikar ein skal kjøpe inn, korleis rom skal utformast og møblerast, kva aktivitetar ein skal ha osv. Dei kan og uttrykke seg om si oppleving av aktivitetar og oppgåver.

Ser vi barnehagen som ein del av utdanningssystemet bør barnehagen bli meir læringsorientert, men under føresetnad av auka medvit om heilskapleg læring og læring med utgangspunkt i leik. Barnehagane og skulane bør i fellesskap sjå på og gå i dialog om korleis ein kan sikre ein heilskapleg fokus på læring og ein god overgang frå barnehage til skule.

Læring og omsorg

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske, og må derfor vere nært samanvevd med omsorg. Barna må få oppleve seg sjølve som verdifulle personar og få eit positivt sjølvbilette. Dette vil gje trygge barn både i og utanfor barnehagen.

Omsorga for barna handlar om å imøtekomme barna sine fysiske, sosiale og emosjonelle behov. Barn treng vaksne som tek ansvar for at dei tileignar seg eigenskapar som set dei i stand til å klare seg sjølve. Små barn er naturleg nyfikkne. Dette krev omsorgsfulle vaksne som oppmuntrar barna i iveren deira etter å lære.

Leik

Leiken er sentral i barnehagen. Det stiller krav til praktisk tilrettelegging, leikar, tid og tilgjengeleg areal. Gjennom leiken frigjer barna eigne krefter, evner og anlegg, prøver ut erfaringar, bearbeider opplevingar og utviklar kognitiv kompetanse. I leiken utøvar barna sin naturlege spontanitet, fantasi, nyfikenheit og skapartrong. Leiken er og ein viktig del av det sosiale samspelet

Personalet

Personalet vert sett på som den viktigaste ressursen i barnehagen. Deira kompetanse, arbeidsglede, engasjement, vilje og evne til å utvikle arbeidet sitt i kvardagen ser ut til å vere avgjerande for total kvaliteten på barnehagetilbodet.

Krav om kompetanseheving

Ein moderne barnehagesektor prega av til dels store endringar i barnehagen sin plass i oppvekstbiletet parallelt med endringar i synet på barn og oppdraging, fører til at personalet i barnehagen må kunne noko meir og noko anna enn dei kunne før. Dette krev ei grundig oppdatering som inneber både avlæring og læring. I dag er tilbodet barnehagane gjev svært likt både når det gjeld type plass og innhald. I åra som kjem vil det truleg verte behov for større variasjon i tilbodet t.d. kulturbarnehagar, utegrupper og eigne småbarnsavdelingar, samt barnehagar inspirert av ulike pedagogiske retningar. Dette fører til at det også vert behov for meir fagretta kompetanseheving. Revidering av Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen vil truleg føre til eit større behov for både etter- og vidareutdanning i forhold til desse utfordringane.

Fagkompetanse

Det er brei semje om at dei tilsette sin personlege og pedagogiske kompetanse er den viktigaste føresetnaden for å skape gode barnehagar og for å utvikle verksemda i tråd med brukarane sine behov. Eit tilstrekkeleg tal tilsette med relevant kompetanse er sjølve bærebjelken i barnehagen sin kvalitet. Det må difor rettast større merksemd mot kven det er som jobbar i barnehagen og kva desse har å tilby barna. I Sverige er det t.d. berre 5 % av dei tilsette som ikkje har noko utdanning om barn. I Noreg har 32 % av personalet pedagogisk utdanning, medan i nabolanda våre er tilsvarande tal mellom 50 og 60 %. Ei arbeidsgruppe nedsett av Barne- og familiedepartementet for å vurdere kvaliteten i norske barnehagar, hevdar at pedagogtettleiken er for lav og at ein på sikt må jobbe for ei 2-pedagogordning. Det er viktig å heve den pedagogiske kompetansen for å kunne imøtekomme nasjonale føringar innan barnehagepedagogikken. Flora Kommune har for tida full førskulelærardekning og har god tilgang på faglært arbeidskraft. Det vil såleis late seg gjere å auke opp tal pedagogar i grunnbemanninga utan større rekrutteringsproblem.

Rekruttering

Rekruttering til arbeid i barnehagen skjer først og fremst blant dei som er i juniorfasen eller mellomfasen (opp til 45 år). Typiske trekk ved desse livsfasane er at ein ønskjer interessante jobbar, gode lønsvilkår, medråderett og høve til fagleg utvikling. I barnehagesektoren ønskjer ein på sikt å auke opp delen av faglærte, både førskulelærarar og fagarbeidarar, enten ved gradvis å fase ut assistentar utan fagutdanning gjennom naturleg avgang eller ved å legge til rette for at dei tek utdanning. Ein ønskjer og å rekruttere fleire menn til arbeid i barnehagane. Barnehagane samarbeider tett med både Vidaregåande skule og Høgskulen i Sogn og Fjordane når det gjeld opplæring av lærlingar og studentar som treng praksisplass. Barnehagane tileignar seg på denne måten god rettleiingskompetanse.

Alderssamansetting i personalgruppa

Omgrepet livsfase syner til førestillinga om at kvar livsfase fører med seg ulike behov, krav, avgrensingar og mulegheiter. Det skal takast omsyn til den enkelte arbeidstakar ut ifrå alder, kva livsfase den enkelte medarbeidar er i og korleis alderssamansettinga i barnehagen er. Livsfaseorientert personalpolitikk må sjåast i samanheng med og integrerast i arbeidet med kompetanse, utvikling og organisering. Det bør vere eit mål å legge vekt på eit aldersmessig spenn i personalgruppene.

Seniorpolitiske tiltak

Seniorfasen vert rekna frå 45 år og oppover. Dette er ikkje ei einsarta gruppe og behova er samansette. For nokre er løns- og arbeidsvilkår viktige, medan andre er opptekne av mindre ansvar og færre utfordringar. Kompetanseheving kan vere med å stimulere til å bli lengre i yrkeslivet. Mange i denne fasen er opptekne av å ha eit godt arbeidsmiljø som er

inkluderande. Det er viktig å drive ein personalpolitikk som verdset det å ha tilsette i alle aldersfasar og som gjer det muleg å jobbe i barnehage til nådd pensjonsalder. Gjennomsnittsalderen blant barnehagepersonalet i Flora er 41,34 år, blant førskulelærarane 37,16 år og assistentane 45,34 år. Ei spørjeundersøking gjennomført blant seniorane i barnehagane, totalt 27 tilsette, syner at det dei kommande 10 åra er få som går av med pensjon, men svært mange nærmar seg pensjonsalder. Av desse 27 svarer heile 55,55 % at dei ikkje kan tenkje seg å jobbe i barnehage til dei når pensjonsalder. Dette begrunnar dei med stort arbeidspress, mykje støy og ein fysisk krevjande jobb. Dei framhevar moglegheit til redusert stilling og fokus på motivasjonsarbeid som viktige føresetnader for å halde fram i jobben.

Handlingsplan for likestilling

Barne- og familiedepartementet har utarbeidd ein handlingsplan for likestilling i barnehagen. Handlingsplanen har som målsetting både å auke tal på menn, og å utvikle og styrke ein likestillingsfremjande pedagogikk i barnehage. På landsbasis er ca. 92 % av dei tilsette i barnehagane kvinner. I Flora kommune er prosentdelen kvinner endå høgre og det bør difor setjast i verk tiltak som sikrar rekruttering av menn til arbeid i sektoren. Dette er og viktig for å opparbeide ei bevisst haldning til likestillingsarbeidet i barnehagen, og slik sikre at det vert drive ein pedagogikk som fremjar likestilling mellom kjønna.

Variasjon og fleksibilitet i tilbodet

Flora kommune har i dag eit barnehagetilbod med relativt liten variasjon og fleksibilitet. Samtlege sentrumsbarnehagar er organisert som heildagsbarnehagar og gjev eit tilbod om heile og halve plassar innanfor ei opningstid på 9,75 t/d. Innholdsmessig er og tilbodet svært likt. Det er ingen barnehagar som framstår med nokon reindyrka pedagogisk profil. Eit par barnehagar har natur- og utegruppe knytt opp til lavvodrift. Barnehagane sine handlingsprogram synleggjer satsingsområda til kvar eining.

Fleksibilitet i tilbodet handlar om å kunne tilby ein prosentvis større variasjon i korleis barnehageplassane kan nyttast. T.d. 20-40-50-60-80 og 100% plass.

Variasjon i tilbodet handlar om å kunne tilby ulikt innhald og ulik organisering av tilbodet:

- Store og små barnehagar
- Korttids- og halvdagsgrupper
- Barnehagar organisert med avdelingar eller basar
- Reindyrka musikk-, kultur- eller naturbarnehagar
- Barnehagar med tilbod om ulike pedagogiske retningar som Montessorri-, Steiner-, Reggio Emilia-pedagogikk og liknande

8. BARNEHAGEBYGGA I FLORA KOMMUNE

Det er lang tradisjon med barnehagedrift i Flora kommune. Frå oppstarten av Nepjarhaugen barnehage i 1970 med 22 barn, har i dag nærare 550 barn eit barnehagetilbod ulike stadar i kommunen.

- Vi har bygg frå –70 og –80 talet som er bygde med minimumskrav ut frå tradisjonell barnehagetenking med areal til småbarnsavdeling og areal til storbarnsavdeling.
- Vi har bygg som i utgangspunktet er bygd til anna føremål, men som er rehabilitert og ombygde til barnehagedrift
- Vi har bygg frå –90 talet med relativt funksjonelt og godt areal, og bygg som også er bygd som sambruksareal med skule og SFO.

Krav til full behovsdekking av barnehageplassar og behov for effektivisering har ført til at eksisterande barnehageareal i dag er fullt utnytta innanfor krav til netto leikeareal. Dette handlar først og fremst om barnehageareal i sentrum, som i dag har lite eller inga høve til ei fleksibel organisering av barnehagetilbodet. Når ein for nokre år sidan kunne tilby barnehageplass til fleire barn enkelte dagar, gjer stor utnyttingsgrad av areal dette nesten umogleg i dag.

Alle barnehagebygg skal vere godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern for skular og barnehagar. For å få ei oversikt over standarden på barnehagebygga, er det i løpet av våren 2005 gjennomført ei kartlegging og utarbeidd tilstandsrapportar for nokre av dei eldste barnehagebygga i sentrum. Dette er viktig både i forhold til førefallande vedlikehald, og ein meir langsiktig vedlikehaldsplan som Prosjekt- og vedlikehaldsavdelinga har ansvar for.

For å oppnå full behovsdekking må eksisterande barnehageareal i sentrum også nyttast i åra som kjem, i tillegg til at det nå vert bygd nytt barnehageareal på Krokane.

Universelle og framtidsretta barnehagebygg

Det er eit mål å kunne tilby eit barnehagetilbod i funksjonelle og framtidsretta barnehagebygg. Barnehagane framstår i dag som like og lette å identifisere. Samfunnet og foreldra ønskjer eit variert barnehagetilbod både når det gjeld pedagogisk innhald, driftstypar og opphaldstider. Dagens barnehagedrift stiller andre krav enn det dei eksisterande barnehagebygga er bygde for. Utfordringa i framtidens barnehage vil blant anna handle om å oppretthalde og vidareutvikle tilfredsstillande pedagogisk standard med nye rammeføresetnadar. Spørsmål i tida er kor vidt barn har det best i aldershomogene eller aldersblanda grupper, og kor vidt barnehagane er tent med å bryte ned tradisjonell avdelingsstruktur og heller etablere opne og fleksible løysingar som let seg omdefinere etter som behova endrar seg.

Kunnskap vi i dag har om barn si utvikling stiller krav til fleksible og funksjonelle bygg der ein kan legge til rette for aktivitetar for store grupper, små grupper og enkeltbarn. Ein må ha fokus på barneperspektivet i den fysiske utforminga av bygga; legge til rette for leik og utforsking, sosialt samspel og daglege gjeremål, sanseopplevingar og skapande aktivitetar, medverknad og meistring. Bygga må og vere funksjonelle og tilrettelagde for barn med nedsett funksjonsevne.

Barnehagane bør i større grad enn i dag vere på jakt etter samspelet mellom verksemd og fysisk utforming. Eit sentralt spørsmål er korleis den fysiske utforminga kan bidra til å vidareutvikle barnehagen sitt innhald. Vi bør tenke gjennom kva slags aktivitetar og stemningar dei fysiske omgjevnadane legg til rette for når vi planlegg ombyggingar og nye bygg. Ulike ideologiar kan ha betydning for utforminga av bygget, men ein må ikkje finne fram til nokon etablert ideologi for å sette seg nokre overordna mål for kva slags tilbod barnehagen skal gje. Det kan t.d. vere ei målsetting frå rammeplanen ein ønskjer å leggje vekt på som ”det forskande barnet” eller ”det kreative barnet”.

Det må og vere høve til ein meir fleksibel bruk av barnehagebygga i eit vèrutsett kystklima som vårt med mykje vind og regn. Dette kan løysast ved at ein bygger halvklimaliserte rom i tilknytning til eksisterande barnehagebygg. Slikt areal kan byggast som ei lenging av eit barnehagebygg, eller vere frittståande rom på barnehagen sitt område t.d. i tilknytning til ei utebod. Ved å nytte skyvedører mellom halvklimalisert rom og inneareal i barnehagen kan arealet utvidast eller innskrenkast avhengig av ver og temperatur ute/inne og storleik på barnegruppa. Det å kunne skjerme seg litt mot ver og vind og får arbeide med ulikt materiale, både vått og tørt, som krev at ein slepp å tenke på reinhald, er viktig. Ved å legge til rette for slikt areal, vil vi få mulegheit til å gje eit meir heilskapleg tilbod til barna uavhengig av barna si opphaldstid. Eit fleksibelt tilbod vil ivaretakast på ein grei og funksjonell måte. Det kan t.d. tenkjast at:

- utegruppe med t.d. 50% barnehagetilbod, vil få tilgang til inneareal
- barn med 100% tilbod vil få eit meir variert tilbod
- lovkrav i rammeplanen som gjev føringar for innhald i barnehagetilbodet (fagområde) vert stetta ved at det vert lagt til rette for verkstadar med ulikt tilbod
- vi kan tilby ein spennande og variert arbeidsplass
- vi vil ha mulegheit til å knytte til oss ressurspersonar i nærmiljøet og legge til rette for samarbeid med andre t.d. pensjonistar og skuleelevar
- utvida areal gjer til at vi i større grad vil kunne ta unna eventuelle svingingar i tal på søkjarar

Krokane nye barnehage vert bygd som ein basebarnehage med ”storstove” og halvklimalisert rom, ut frå ei målsetting om å kunne tilby eit variert barnehagetilbod i eit framtidsretta og funksjonelt bygg. Både Storevatn barnehage og Havrenes barnehage har store nok uteareal til å utvide barnehagearealet med halvklimalisert rom. Ved å gjennomføre slike tiltak, vil sentrumsområdet kunne oppnå fleire barnehageplassar for å ta svingingar i talet på barn som ønskjer eit barnehagetilbod, og samstundes kunne legge til rette for meir fleksibilitet.